

FISKERIFORSKING I UTVIKLINGSLAND

Programleiar Tore Strømme

Programmet skal medverke til ei berekraftig hausting av dei marine levande ressursane i dei landa vi arbeider i, på oppdrag frå NORAD. Målet er å medverke til at desse landa får effektive forvaltningssystem tufta på forskning - og at dei får sjølvstendige forvaltingsinstitusjonar i drift. Målet skal vi nå ved å overføre etablert og ny kunnskap til forskings- og forvaltingsinstitusjonar i samarbeidslanda.

NORAD finansierer nesten heile verksemda i programmet, som er delt i åtte prosjekt etter geografisk arbeidsområde. Nansenprogrammet er det mest vidfemnande og omfattar ressurs- og miljøgranskingar med det nye forskingsfartøyet "Dr. Fridtjof Nansen". Vi har òg ei rad aktivitetar for meir direkte å styrke forskinga og fiskeriforvaltninga i samarbeidslanda. I 1995 var hovudinnsatsen i Namibia og Angola, og i noko mindre grad i Sør-Afrika.

Med "Dr. Fridtjof Nansen" gjennomførte vi i 1995 følgjande tokt:

I Angola, Kongo og Gabon: To sesongmessige granskingar av dei pelagiske ressursane, som i ein viss grad er felles for dei tre landa. I Angola gjennomførte vi også botnfiskgranskingar. På spesielt oppdrag frå FAO målte vi i november-desember dei pelagiske bestandane utanfor Nordvest-Afrika.

For betre å forstå årsakene til at fiskebestandane svingar mykje i tallrikheit, har vi utført hydrografisk kartleggjing av havområdet utanfor Angola. Dette er eit område som kan ha stor betydning for dei meir kystnære farvatna. Vi har også utført granskingar på egg- og larvestadiet av lysing i Namibia.

"Nansenprogrammet" har også metodestudiar som tek sikte på å få betre og meir presise bestandsmålingar. Dette arbeidet utfører vi i nært samarbeid med tilsvarande verksemd i heimlege farvatn. Vi utfører interkalibrering av trålutstyr og granskingar av fangsteffektivitet i botntrål. Vidare arbeider vi med å utvikle sonar til reiskap for mengdemåling av fisk som går i stim i overflata og i grunne område.

Forskingstokta skal i stor grad dekkja dei meir daglege behova for forvaltninga. I tillegg gir vi praktisk opplæring i toktarbeid om bord, og vi har tilbod om meir systematisk og teoretisk opplæring gjennom såkalte institusjonsbyggjande tiltak.

I 1995 har vi organisert ei arbeidsgruppe for forskning og forvaltning av lysing i Namibia, med regional og internasjonal deltaking. Arbeidsgruppa granska også i kva grad lysingbestandane i området er fellesbestandar. I dette arbeidet tok vi også i bruk internasjonalt nytta kriteriar for deling av fellesbestandar.

Det er òg arrangert eit seminar og oppretta ei arbeidsgruppe som skal setje opp eit koordinert forskingsprogram for regional miljø- og ressursforskning i Benguelasystemet utanfor det sørvestlege Afrika.

I samarbeid med FAO har vi arrangert kurs for forskarar frå Namibia i bestandsmåling og prøvetaking.

Likeeins kurs i miljøfysikk for studentar frå Angola, Namibia og Mosambik.

For å styrke det tosidige samarbeidet er det oppretta ein styringskomité for "Nansenprogrammet" i Namibia.

På grunn av dei politiske tilhøva i landet er det tosidige institusjonsbyggjande samarbeidet med Angola ikkje blitt utvikla i same mon som i Namibia. Det er avvikla eit arbeidsmøte med representantar frå fiskeridepartementa i Luanda og FAO. Målet var å utarbeide eit planleggjingsdokument for innsatsen til Nansenprogrammet i Angola i perioden 1996-2000.

I Mosambik er samarbeidet med forskingsinstituttet i Maputo gjennomført som avtalt, med unntak av rekruttering av ein rådgjevande fiskeribiolog. Biologen skulle ha vore på plass i Maputo i juni-juli 1995, men blir eitt år seinka. Innsatsen til Havforskningsinstituttet blir i 1996 omlag som i 1995. På forvaltningssida er ikkje aktivitetane gjennomførte etter planen grunna manglande oppfølging frå Mosambik.

Prosjektet i Sentral-Amerika vart som planlagt avslutta i september. Hovedmålet har vore å styrkje regional og nasjonal ressursforvaltning og fiskeriforskning. Måla og resultatane synest vere oppnådde, det vil seie auka kapasitet hos fiskeridireksjonane og forskingsinstitusjonar, og det er utarbeidd ein strategiplan for fiskerisektoren i kvart land. Dei sentral-amerikanske landa har også kome med framlegg om forsatt samarbeid, og dette blir no vurdert i NORAD.

"Bei Dou"-prosjektet i Kina vart avsluttet ved utgangen av 1995, men i forlenginga av dette er det planlagt eit nytt treårs prosjekt innan forskning og forvaltning. Forskarutveksling, studiebesøk og undervisningsstøtte er stort sett gjennomført i samsvar med årsplanen. Havforskningsinstituttets tekniske støtte til drift og vedlikehald av forskingsfartøyet "Bei Dou" vart avslutta i 1995. Vi overleverte blant anna ei grundig skipsteknisk vurdering med råd om oppfølgjingsiltak. Samarbeidet med Yellow Sea Fisheries Research Institute vil halde fram, men prosjektet vil i 1996 rettast meir mot miljøstudiar og fiskeriforvaltning.

I prosjektet i Nicaragua har aktivitetane vore svært avgrensa ettersom vi ventar på ei avgjerd i NORAD om eit ny land-til-land samarbeid med Nicaragua. Vår innsats har i 1995 i hovudsak vore fagleg støtte til NORAD i vurderinga av det nicaraguanske programframlegget.

Etter forspurnad frå fiskeristyresmaktene i Vietnam, og med NORADs godkjenning, laga vi i juni-august eit utkast til eit prosjektdokument for norsk fiskerihjelp. I slutten av 1970-åra samarbeidde Havforskningsinstituttet med Vietnams havforskningsinstitutt i Haiphong om ressurskartlegging. I dette arbeidet nytta vi det norskbygde forskingsfartøyet "Bien Dong". Vietnam ønskjer no ny aktivitet blant anna på forskningssida, og i løpet av første halvår 1996 vil vi utarbeide framlegg til prosjektplanar for Havforskningsinstituttets verksemd i Vietnam.

I India har CIFNET utført det meste av dei planlagde prosjektaktivitetane. Havforskningsinstituttets sin innsatsen har, bortsett frå nokre praktiske forsøk i byrjinga av året, vore avgrensa til rettleiing og vurdering av resultatane etter kvart som data har blitt tilgjengelege.

NOKRE FRAMTIDSVURDERINGAR:

NORAD har bede Nansenprogrammet lage eit utkast til eit strategisk plandokument for perioden 1998-2000. Dette skal leggje grunnen for det meir langsiktige planarbeidet som skal utførast av NORAD, Havforskningsinstituttet, FAO og UNDP i fellesskap. F/F "Dr. Fridtjof Nansen" vil truleg bli overført til ein annan region i løpet av dei næraste åra. Det blir difor naudsynt å kartleggje behovet for forskingsinnsats i andre regioner vurdert etter NORAD sine

prioriteringar og prinsippa i ujhjelpsarbeidet.

I løpet av første halvår 1996 skal det lagast meir spesifikke planar for forskning og forvaltning i Angola, Namibia og Sør-Afrika for perioden 1996-2000. Nansenprogrammet vil halde fram med institusjonsstøtte og forskningssamarbeid i desse landa, sjølv om fartøyet skulle bli overført til eit annet område.

Det blir også naudsynt med større innsats frå Nansenprogrammet til utarbeiding av eit detaljert plandokument for det internasjonale forskingsprogrammet i havområdet for Benguelastraumen. I neste omgang vil vi søkje støtte frå internasjonale fond til gjennomføring av programmet. Det må klargjerast kva rolle Nansenprogrammet skal ha i gjennomføringa av dette forskingsprogrammet.

Studiane for å utvikla forskingsmetodane vil halde fram. Vi kjøper ei taua instrumentplattform til "Dr. Fridtjof Nansen", og denne blir ein viktig reiskap for større presisjon i både trål- og akustiske granskingar. Miljøforholda til fiskeressursane kan då også kartleggast raskare og meir omfattende. På noko lengre sikt vil plattformen kunne leggje grunnen for ein ny metodikk for bestandsvurdering.

Vi veit frå egne røynsler at det er vanskeleg å lage realistiske framdriftsplanar for mange av prosjekta i dette programmet. Rammevilkåra i utviklingslanda er ikkje stabile, og framdrifta er i stor grad avhengig av avgjerdsprosessar i landa ute og i NORAD. Desse prosessane er vanlegvis omstendelege, og det er ofte vanskeleg å vite når naudsynte avgjerder blir tekne, og når ein realistisk kan vente resultat. Følgjeleg må prosjektleiarane vere fleksible i planleggjingsarbeidet og stadig justere framdrifta. Det kan også vere vanskeleg å få til ei opptrapping av arbeidsinnsatsen på enkelte områder i prosjekta, ettersom ein i stor mon er avhengig av spesialkompetanse som berre nokre få personar har.